



# Valinformasjon frå Norddal kommune

## Stortings- og sametingsvalet 9. september 2013

### **Står du i manntalet?**

For å kunne røyste ved valet i haust må du stå i manntalet i kommunen.

Du blir innført i manntalet i den kommunen Folkeregisteret har registrert deg som bosatt per 30. juni i år og dersom du

- er norsk statsborgar
- innan utgangen av 2013 fyller 18 år
- er, eller nokon gong har vore, innført i folkeregisteret som bosatt i Norge
- ikkje har mist stemmeretten etter Grunnloven § 53

Har du bodd i utlandet i meir enn 10 år kan du søkje om å få bli innført i manntalet i den kommunen du bodde i på det tidspunktet du flytta ut. Flytter du tilbake til landet etter 10 år, blir du ført inn i manntalet i den kommunen du flytter til.

Søknadsskjema for innføring i manntalet finn du på [www.valg.no](http://www.valg.no) sine offisielle sider under manntal.

Søknaden eller klage på feil eller manglar sendast til Norddal kommune, Postboks 144, 6211 Valldal.

Manntalet blir lagt ut til gjennomsyn på Servicetorget i Rådhuset. Du kan kontrollere om du er innført i manntalet ved å ringe 70 25 88 00. Du kan også kontakte oss på e-post: [post@norddal.kommune.no](mailto:post@norddal.kommune.no) .

### **Valkort**

Alle veljarar får tilsendt valkort. På valkortet finn du informasjon om opningstid og kva vallokale du skal bruke valdagen. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det vil gå raskare for deg å røyste dersom du tar det med.

### **Førehandsrøysting**

Førehandsrøyster for Stortings- og sametingsvalet 2013 skal takast imot ved servicetorget i Rådhuset i Valldal frå kl. 08.00-15.00, i perioden 12. august t.o.m.6. september 2013.

Det vert langope for førehandsrøysting ved omsorgsbustaden i Eidsdal og på servicetorget torsdag den 29. august frå kl. 17.00-19.00.

Er du forhindra frå å røyste på valdagen eller førehandsrøyste denne perioden, kan du likevel søkje om å få avlegge førehandrøyst frå 1. juli (tidlegrøyst) og fram til den ordinære førehandsrøystinga startar.

**Dersom du ønskjer å førehandsrøyste bør du ta med deg valkort.  
Husk legitimasjon !**

### **Institusjonsval:**

Det vert institusjonsval ved Valldal trygde og sjukeheim måndag den 26. august frå kl. 11.00-12.30.

### **Ambulerande røysting:**

Dersom du ikkje kan møte opp i røystelokale på valdagen på grunn av sjukdom eller uførleik, kan du sende søknad til valstyret og be om å få røyste heime eller der du oppheld deg.

**Søknader om ambulerande røysting må vere kome valstyret i hende innan 4. september 2013.**

**Adressa til valstyret er: Norddal Valstyre, Postboks 144, 6211 Valldal**

### **Tid og stad for røysting på valdagen:**

Valldal krins	Rådhuset	kl. 10.00-20.00
Tafjord krins	Tafjord ungdomshus	kl. 11.00-18.00
Dalsbygda krins	Dalsbygda grendahus	kl. 11.00-18.00
Eidsdal krins	Omsorgsbustaden i Eidsdal	kl. 11.00-19.00

**NB! Husk legitimasjon og gjerne valkort.**

*Bjørn Inge Ruset, leiar i Norddal valstyre*

